

**UNG; BLID OG RUSFRI**

Til Lindås kommune  
v/ Levekårutvalet

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
24. 03. 2014	
Ark. sekretær:	Lagmann:
Sekretær:	Tilgjengeliggjørt

19.mars 2014

**SØKNAD OM STØTTE TIL PRØVE- PROSJEKTET**  
**« UNG, BLID OG RUSFRI »**  
**SØKNADSSUM KR.20.000.-**

**Omtale av prosjektet:**

- «Ung, blid og rusfri» er eit prøveprosjekt for å skapa eit tryggare oppvekstmiljø for ungdom i Knarvik, Alversund, Seim og Leknes område. (Knarvik ungdomsskulekrets).

**Mål/bakgrunn for prosjektet.**

Gjennom strukturert og forpliktande samarbeid mellom fleire partar, skal ein arbeida for eit ungdomsmiljø:

- Der det gjev prestisje å ikkje nytta alkohol/rusmiddel
- For å påverka ungdom til å utsetja debutalderen for bruk av alkohol
- Felles profilering/uttrykksformer ut til ungdomane
- Få fram det positive ved ikkje å bruka alkohol/rusmiddel

I markedsføringa/profileringa av prosjektet blir følgjande argument/fakta framheva.

Fordelen med å ikkje nytta alkohol:

Utan alkohol/rusmiddel:

- Har du større sjanse til å bli betre i idrett, musikk og på skulen etc.
- Er det mindre sjanse for å koma i trøbbel
- Har du lettare for å ha kontroll i vanskelege/prekære situasjonar
- Får du betre utbytte av treninga
- Viser du mot og styrke

Forskning viser at dei som startar seinare å drikke vil få eit lågare alkoholforbruk seinare i livet og dermed betre helse.

## **Partar i prosjektet:**

- Frivillige lag/organisasjonar som driv aktivitetar i Knarvik, Alversund, Seim og Leknes område ( Knarvik ungdomsskulekrets og Leiknes skule)
- Grunnskular i kretsen
- Foreldre/føresette, arbeidsutval/samarbeidsutval etc. ved skulane ( barneskulane 7 kl.)
- Privarpersonar som er opptekne/engasjert i eit godt oppvekstmiljø

Partane i prosjektet har forplikta seg til at trenrarar/leiarar/dirigentar skal bringa bodskapet i prosjektet til « sine ungdomar» etter ein felles mal.

Organisering/gjennomføring i praksis.

## **Ungdomane sine plikter og ansvar:**

- Alle ungdomane som vil delta i prosjektet, må inngå ein avtale der dei forpliktar seg til å vera rusfri ( foreldre/foresette må orienterast og gje sitt samtykke.) Når dei har inngått avtale, får dei eit armband der det står:» Ung, blid og rusfri». Dersom dei blir tilbydd alkohol/rusmiddel, seier dei berre nei takk og/eller viser armbandet. Ungdomane står fritt til å sei opp avtalen og levera inn att armbandet til representanten dei signerte avtalen med. Dei er og forplikta til å orientera foreldra/føresette. Sjå vedlegg 1.
- Etter tilråding frå dei ulike miljø/partane som deltek i prosjektet, er det valt ut «Verdiambasadørar» (ca. 20-25 stk). Som verdiambassadørane har dei eit spesielt ansvar for å fronta/marknadsføra «Ung, blid og rusfri» i sitt ungdomsmiljø. I tillegg til armband får dei ein hettegensar som viser at dei er ambasadørar. Foreldre/føresette må skriva under ei godkjenning på at dottera/sonen kan vera ambasadør. Sjå vedlegg 2.

## **Generell marknadsføring**

- Annonsar i aviser
- Facebook/internett
- Plakatar/reklamesegl
- Reklamefilm (ambasadørane får dette i oppgåve)

## **Står bak prosjektet:**

- Knarvik ungdomsskule
- Idrett utan alkohol
- Lions Club Lindås

## BUDSJETT

### Utgifter

Armbånd kr. 20.- x 400	= kr. 8.000.-
Hettegensarar ( til ambasad.)	
Kr. 300 x 30	= kr. 9.000.-
Opptrening av ambassadørar*	= kr. 10.000.-
Oppningsarrangement *	= kr. 15.000.-
Premiar	= kr. 11.000.-
Markedsføring/infomat.	= kr. 20.000.-
Diverse	<u>= kr. 10.000.-</u>
Totalt	<u>= kr. 83.000.-</u>

\*B.a. honorar og reiseutgifter til foredragshaldarar.

### Inntekt

Støtte frå Idrett utan alkohol	= kr. 20.000.-
Støtte frå Lions Club Lindås	= kr. 20.000.-
Støtte Lindås kommune	= kr. 23.000.-
Innkomne midlar	<u>= kr. 20.000.-</u>
Totalt	<u>= kr. 83.000.-</u>

Deltakarane i prosjektet har valt ei arbeidsgruppe for gjennomføringa av prosjektet.

- Helge Brekke, Idrett utan alkohol
- Ketil Posmyr, Knarvik ungdomsskule
- Lars Henrik Nesse Strømmen, Ungdomsrepresentant.

Eventuell støtte til prosjektet kan setjast inn på konto: 3637.26.18064

For partane i prosjektet og arbeidsgruppa.

Helge Brekke  
Tlf. 97145628